KVINNHERAD
KOMMUNE

P - 1120 Hatlestrand Skule

Totalentreprise

BOK 0 – Generell del

Revisjons-nr.	Endring	Utarbeida av	Dato
1	Utlysingsdokument	Øystein Lie Sundal	23.04.2026
2	Utlysingsdokument 2. gangs utlysing	Øystein Lie Sundal	31.08.2026

Innhaldsliste

A. INNLEIING ... 3

A.1 Mål ... 3

A.2 Kontraktsdokument ... 3

A.3 Orientering om prosjektet/særskilte omsyn ... 3

A.4 Lærling ... 4

A.5 Entrepriseform og kontraktstype ... 4

A.6 Organisasjonsplan ... 4

A.7 Byggherre og engasjerte rådgjevarar ... 4

A.8 Tidsplan, byggeperioden ... 5

A.9 Andre myndigheiter og offentlege løyver ... 5

A.10 Andre entreprisar og leveransar ... 5

A.11 Arbeidsmiljøloven (AML) og byggherreforskrifta ... 5

A.12 Forhold på byggeplassen ... 5

A.13 Forhold til naboar ... 5

A.14 Lokalisering og tilkomst ... 5

A.15 Klargjering av tomt og anbefalte rekkefølge bestemming ... 6

A.16 SHA, normal drift og 3. person ... 6

A.17 Koordinering og samarbeid. ... 7

A.17.1 Totalentreprenøren koordinering ... 7

A.17.2 Grensesnitt ... 7

A.17.3 Overtaking og sluttdokumentasjon ... 7

A.17.4 FDV-dokumentasjon ... 7

B. KONTRAKTSBESTEMMELSAR ... 7

B.1 Alminnelege kontraktsbestemmelsar ... 8

B.2 Spesielle kontraktsbestemmelsar ... 8

B.2.1 Spesielle kontraktsbestemmelsar gjeld føre generelle bestemmelsar ... 8

B.2.2 Tilleggsarbeid og rekningsarbeid ... 8

B.2.3 Lønns- og prisstigning ... 8

B.2.4 Partane sin representant ... 8

B.2.5 Sikkerheitsstillelse ... 8

B.2.6 Prosjektering, rådgiving mv. (tillegg til NS 8407 kap.16) ... 8

B.2.7 Manglar ... 9

B.2.8 Mengdekontroll ... 9

B.2.9 Offentlege avgifter og gebyr 9
B.2.10 Fordringsoverdraging 9
B.2.11 Dagmulkt ved forseinking 9
B.2.12 Byggherren sin eigedomsrett 9
B.2.13 Løns- og arbeidsvilkår 9
B.2.14 Bruk av kontraktsmedhjelparar og innleigd arbeidskraft 11
B.2.15 Byggherrens rett til å føre kontroll (NS 8407 pkt 20.2) 11
B.2.16 Plikt til å bruke lærlingar (tillegg) 11
C. ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR / FORRETNINGSRUTINAR FOR BYGGEFASEN 12
C.1 Korrespondanse 12
C.2 Fakturering 12
C.3 Møte 13
C.4 Administrasjon av byggeplass/instruksar 13
C.5 Drifts- og vedlikehaldsdokumentasjon 13
C.6 Rapportering 14
C.7 Kontakt med media 14
C.8 Teikningshandtering 14
D. RIGG, DRIFT OG AVVIKLING AV BYGGPLASS 15
D.1 Generelt 15
D.2 Administrasjon 15
D.3 Vernetiltak 16
D.4 Rigging av byggeplass 16
D.5 Forlegning kontorbrakker og lager 16
D.6 Byggestraum og datalinjer. 17
D.7 Drift av byggeplass 17
D.8 Inngjerding av byggeplass/tomt 17
D.9 Oversiktslister/adgangskontroll 17
D.10 Informasjon til omgivnadane. 17
D.11 Fysiske tiltak for HMS 17
D.12 Reinhald 18
D.13 Støy i bygge- og anleggsfasen 18
D.14 Avfallsplan og avfallshandtering. 18
D.15 Brukaropplæring 19
E. EIGENERKLÆRING ETISKE KRAV 20
E.1 Lønns- og arbeidsvilkår. 20

A. INNLEIING

A.1 Mål

Denne planen er utarbeida med utgangspunkt i Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar (Byggherreforskrifta).

A.2 Kontraktsdokument

Dette dokument (Bok 0) inneheld orientering om prosjektet, spesielle krav, administrative bestemmelsar og rigg- og drifts-bestemmelsar. Vedlagt til Bok 0 er:

Open Tilbodskonkurranse FOA del I og II
Vedlegg 1: *Dette dokumentet*
Vedlegg 2: Funksjonsbeskrivelse Hatlestrand skule – ventilasjon fløy A og B
Vedlegg 2.1: Brannteknisk notat
Vedlegg 2.2: Brannskisse
Vedlegg 2.3: Fløy A Praktisk fløy 1. etasje
Vedlegg 2.4: Fløy B Teoretisk fløy 1. etasje
Vedlegg 2.5: Oversiktskisse
Vedlegg 3: Overordna SHA-plan
Vedlegg 3.1: Prosedyre – Arbeid i høgda
Vedlegg 3.2: Prosedyre – Sikring av Bygge og anleggsplass
Vedlegg 3.3: Prosedyre – Varmt arbeid
Vedlegg 4: Eigenrapportering lønns- og arbeidsvilkår
Vedlegg 5: FDV dokumentasjon

I rigg og drift skal det takast med kostnadar knytt til dokumenta lista opp ovanfor.

A.3 Orientering om prosjektet/særskilte omsyn

Dette arbeidet gjeld utbetring og oppgradering av ventilasjonsanlegg og tilhøyrande tekniske installasjonar i fløy A og B ved Hatlestrand skule. Heile prosjektet skal gjennomførast i tråd med gjeldande krav frå Arbeidstilsynet og relevante tekniske forskrifter.

Arbeidet omfattar ombygging av fleire rom til nye tekniske areal, inkludert samanslåing av reinhaldsrom og teknisk rom i fløy A, etablering av ny vaskesentral i fløy B og nytt ventilasjonsrom i grupperom B102. Eksisterande elektrotavler i begge fløyar har overskride teknisk levetid og skal difor demonterast og erstattast med nye tavler.

I fleire rom i fløy A skal himling rivast for framføring av nye ventilasjonskanalar, og all elektroinstallasjon over himling skal fornyast. I fløy B skal det etablerast ny systemhimling i klasserom og grupperom, med utskifting av belysning, nødlys og branndetektorar etter gjeldande regelverk. Det skal òg installerast nye kurser for framtidig utvendig solskjerming.

Ventilasjonsanlegga skal oppgraderast til behovsstyrte løysingar med DCV/VAV-spjeld i begge fløyar. Det krevst nye stigekablar, nye effektbrytarar for kompaktaggregat og kabling for 24V og Modbus for integrasjon mot eksisterande SD-anlegg levert av EM-systemer.

I tillegg skal brannskilje i bygget utbetrast der det blir avdekt utettheter, særleg i overgang mellom vegg og q-dekke, jf. brannskisse.

Arbeidet skal i hovudsak utførast medan skulen er i drift. Entreprenør må difor ta omsyn til brukarar av bygget og koordinere aktivitetar tett med byggherre. Inntransport av større utstyr kan krevje arbeid utanom ordinær skuletid.

Dette er 2. gangs utlysing, endring frå førre utlysing.

Funksjonsbeskrivinga er oppdatert frå revisjon 04 til revisjon 05. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i prosjektets hovudomfang, men det er gjort fleire presiseringar og justeringar i beskrivinga som tilbydarane skal ta omsyn til ved utarbeiding av nytt tilbod.

Dei viktigaste endringane gjeld presisering av ansvar og omfang for eventuelle byggtekniske forsterkingar, mellom anna knytt til golv/dekke, tak og eksisterande konstruksjonar. Det er også gjort enkelte presiseringar og endringar i elektroinstallasjonar, nødlys, brannalarm og SD-/automasjonsanlegg. Vidare er enkelte krav og grensesnitt tydeleggjorde for å sikre at leveransen blir komplett.

Tilbydarane skal leggje **revisjon 05** til grunn for nytt tilbod. Tidlegare tilbydarar må vere merksame på at enkelte av dei nemnde presiseringane kan påverke kalkulert pris og omfang samanlikna med revisjon 04.

Dette er ein totalentreprise.

A.4 Lærling

I tenestekontraktar og kontraktar om bygg og anleggsarbeid med verdi over 2 millionar og med varigheit over 3 månader, i bransjar der det er særleg behov for læreplassar og kravet ikkje er uforholdsmessig i den konkrete kontrakten, må leverandøren vera knytt til ei lærlingordning og lærling skal delta i utføring av kontraktarbeidet. Kravet kan oppfyllast av leverandøren eller ein eller fleire av hans underleverandørar. Entreprenøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføring av kontraktarbeidet, dokumentere at krava er oppfylt.

A.5 Entrepriseform og kontraktstype

Tilbod skal utførast som totalentreprise i h.h.t. norsk bygge- og anleggskontrakt NS 8407.

Entreprenør har ansvaret for at byggearbeida vert levert i rett tid med kontrakts- messig leveranse for alle fagområde. Eventuelle rådgjevarar/ underentreprenørar/leverandørar som entreprenøren nyttar er dermed fullt ut entreprenøren sin risiko/ansvar. Entreprenør må pårekna at sideentreprisar pågår samtidig.

A.6 Organisasjonsplan

Prosjektet vil i gjennomføringsfasen være organisert i samsvar med kartet under.

A.7 Byggherre og engasjerte rådgjevarar

Tabellane viser oversikt over sentrale personar og deira funksjonar i prosjektet.

Firma	Funksjon	Namn	E-post	Telefon
Byggherre				
Kvinnherad Kommune	Byggherre	Sigbjørn Øye	sigbjørn.øye@kvinnherad.kommune.no	

Kvinnherad Kommune	PL	Øystein Lie Sundal	oystein.lie.sundal@kvinnherad.kommune.no	47 78 26 36
Asplan Viak	Prosjekterande anbodsgrunnlag (ikkje fristilt)	Reni-Helen Fosse	renihelen.fosse@asplanviak.no	47 31 12 48
Kvinnherad kommune	Koordinator utførelse	Øystein Lie Sundal	oystein.lie.sundal@kvinnherad.kommune.no	47 78 26 36

A.8 Tidsplan, byggeperioden

- Oppstart entreprise byggeplass: Oktober/november 2026
- Overtaking: Mars 2027

A.9 Andre myndigheiter og offentlege løyver

For tilknyting av VA-leidningar til brakkerigg må entreprenøren innhente løyve frå Kvinnherad kommune for tilknyting av vatn og avløp.

A.10 Andre entreprisar og leveransar

Ikkje aktuelt.

A.11 Arbeidsmiljøloven (AML) og byggherreforskrifta

Totalentreprenøren må ivareta ansvaret som hovudbedrift i samsvar med AML.

Kvinnherad kommune v/Svein Are Furdal ivareteke oppgåva som SHA-koordinator for utføring, KU, i samsvar med byggherreforskrifta. Totalentreprenøren må engasjere andre eller sjølv inneha rollen som KP ved prosjektering av egne arbeider, og underentreprenørars arbeider.

A.12 Forhold på byggeplassen

Entreprenøren skal utarbeide detaljert riggplanen i samråd med byggherre ved start av arbeidet.

Kostnader for å etablere oppkopling skal vera inklusive i rigg og drift.

A.13 Forhold til naboar

Sjå kapittel (rigg og drift) vedkommande støy i bygge- og anleggsfasen.

A.14 Lokalisering og tilkomst

Tiltaket er lokalisert i Kvinnherad kommune, Tongavegen 20, 5635 Hatlestrand.



Figur 1. Lokalisering av skulen ved Gjermundshamn.

A.15 Klargjering av tomt og anbefalte rekkefølge bestemming

Det vil væra opp til Totalentreprenøren å utarbeide en fullstendig riggplan, dette opp mot dei aktivitetar og rekkefølger som entreprenøren vurderer å måtte ta med. Riggplanen skal forelegges oppdragsgjevar (Kvinnherad kommune) og godkjennast av byggherre.

A.16 SHA, normal drift og 3. person

Det er utarbeida ein SHA-plan og gjennomført risikovurderingar for prosjektet som er vedlagt Bok 0. Byggherren legger stor vekt på at intensjonane i SHA-planen blir overhaldt og at entreprenørane bidrar til eit aktivt samarbeide for å sikre en effektiv og trygg arbeidsplass. SHA-planen skal innarbeidast i den enkelte bedrifts HMS-rutinar for prosjektet.

- Internkontroll må tilpassast dette prosjektet, og naudsynte rutinar med sjekklister, rapportar m.m. må innarbeidast. I dette ligg det også at relevante deler av SHA-planen skal innarbeidast i entreprenøren sitt internkontrollsystem.
- Totalentreprenør er hovudbedrift iflg. arbeidsmiljølova av 17. juni 2005 nr. 62 § 2-2, og har ansvaret for SHA og koordinering av dette arbeidet, å føre protokoll frå vernerundar og å melde oppstart til arbeidstilsynet.
- Entreprenøren skal oppnemne eige verneombod som skal delta aktivt i vernearbeidet. Alle entreprenørar som er til stade og utfører arbeid på byggeplassen skal stilla på vernerundane. Ein skal leggja opp til vernerundar annankvar veke med fast dag og tidspunkt. Prosjektansvarleg/byggherrerepresentant skal ha kopi av vernerunderapportene og skal kunna delta på vernerundane. Avvik kan føra til at arbeidet vert stoppa.
- Organisering og opplegg for vernearbeidet vert teke opp med prosjektansvarleg/ byggherrerepresentant før arbeida startar.
- Arbeidsmiljølova sine føresegner skal følgjast, og entreprenøren er ansvarleg for dette. Alle sikringstiltak som blir pålagt av prosjektansvarleg/byggherre- representant, Arbeidstilsyn eller offentleg mynde, må omgåande utførast.

A.17 Koordinering og samarbeid.

A.17.1 Totalentreprenøren koordinering

Totalentreprenøren skal koordinere alle arbeider på byggeplass. Ved oppdragets slutt skal all FDV – dokumentasjon leverast samla som angitt i beskrivinga.

A.17.2 Grensesnitt

Entreprenøren skal levere som bygget-dokumentasjon. Dokumentasjonen skal samlast og systematiserast av entreprenøren før overlevering. Dokumentasjonen skal sendast utan ugrunna opphald etter at det aktuelle objekt er ferdigstilt. Manglande sluttdokumentasjon er å betrakte som en vesentleg mangel, og gir byggherren rett til å nekte overtaking, jf. spesielle kontraktsvilkår i konkurransegrunnlaget.

A.17.3 Overtaking og sluttdokumentasjon

Entreprenøren skal levere som bygget-dokumentasjon. Dokumentasjonen skal samlast og systematiserast av entreprenøren før overlevering.

Dokumentasjonen skal sendast utan ugrunna opphald etter at det aktuelle objekt er ferdigstilt.

Entreprenøren skal utarbeide komplett sluttdokumentasjon, som også skal omfatte dokumentasjon for driftsfase og for evt. seinare ombygging/rivning. Jf. krav i Byggherreforskriftens § 12 “Dokumentasjon for framtidige arbeider” og Plan og bygningslovens krav, jf. blant annet § 21-10 «Sluttkontroll og ferdigattest».
Rådgivande ingeniør vil utarbeide «som-bygget» teikningar basert på entreprenørens innmålingar.

Manglande sluttdokumentasjon er å betrakte som en vesentleg mangel, og gir byggherren rett til å nekte overtaking, jf. spesielle kontraktsvilkår i konkurransegrunnlaget.

A.17.4 FDV-dokumentasjon

Det skal, for alle leveransar i prosjektet, utarbeidast og leverast FDV dokumentasjon som grunnlag for brukaranes forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU) av bygning og installasjonar.
All dokumentasjon skal leverast på norsk, dersom unntak ikkje er angitt.

FDV-dokumentasjon skal leverast fortløpande og lastas opp på kommunens FDV-system, sjå vedlegg 5.

Ved oversending av utkast for godkjenning skal og signert kontrollskjema sendast. Kopi av skjema sendes oppdragsgivar og byggeleder. Dokumentasjonen skal være på norsk.

Alle leveransar som entreprenøren, hans underentreprenørar og leverandørar har tilført anlegget, skal inngå i dokumentasjonen. Entreprenøren skal samle inn og sette saman all dokumentasjon for egen entreprise til et heilheitleg produkt. Følgande hovudpunkt skal inngå i instruksjonen:

1. Generell orientering
2. Drift- og systeminformasjon
3. Tilsyn og vedlikehald
4. Dokumentasjon

B. KONTRAKTSBESTEMMELSAR

Kontraktsvilkåra vil saman med konkurransegrunnlaget danna grunnlag for endeleg kontrakt, med atterhald om mindre praktiske justeringar/tilpassingar. I tilfelle motstrid mellom de generelle og spesielle vilkåra, skal

dei spesielle vilkåra gå føre. Dersom tilbydar i tilbodet tek atterhald mot nokre av kontraktsvilkåra kan dette medføra avvising av tilbodet.

B.1 Alminnelege kontraktsbestemmelsar

Som generelle kontraktsvilkår gjeld NS 8407:2011 “Alminnelege kontraktsbestemmelsar for totalentrepriser”. I tillegg gjeld dei presiseringar, avvik og tillegg som følgjer av konkurransegrunnlaget med tilhøyrande vedlegg.

B.2 Spesielle kontraktsbestemmelsar

B.2.1 Spesielle kontraktsbestemmelsar gjeld føre generelle bestemmelsar

Ved motstrid går dei følgjande vilkåra framfor NS 8407.

B.2.2 Tilleggsarbeid og rekningsarbeid

Eitkvart arbeid som medfører krav om tilleggsbetaling utover kontraktssummen, skal ikkje setjast i gang før det føreligger skriftleg godkjenning frå byggherren.
Dersom endringsarbeid vert gjort som rekningsarbeid skal dette gjerast opp etter entreprenøren sin sjølvkost for materialar og gjeldande arbeidslønn for vedkommande arbeid ,med påslag av dei prosentar for administrasjon, forteneste, sosiale utgifter osv. som entreprenøren har oppgitt i tilbodet.

Ved rekningsarbeid skal entreprenøren kvar veke sende byggherren for attestasjon oppgåve over tid- og materialforbruk i form av timelister og material-lister. For rekningsarbeid over lengre tid kan ein foreta oppgjer månadsvis. Sluttnota for rekningsarbeid skal sendast byggherren innan 15 dagar etter vedkommande arbeids- avslutning.

B.2.3 Lønns- og prisstigning

Kontrakt vert ikkje indeksregulert.

B.2.4 Partane sin representant

Prosjektleiar er den administrative leiar av byggesaka, og byggherren sin representant etter kontrakten. Prosjektleiar har fullmakt til å binda byggherren ved avtale innanfor ramma av instruks.

Engasjerte prosjekterande kan ikkje påføre byggherren forpliktingar utan særskilt fullmakt til dette.

Byggeleiar er byggherrens representant på byggeplassen. Byggeleiar har de fullmakter som følge av de funksjoner byggeleiar er gitt i "Forretningsrutine for byggefasen".

B.2.5 Sikkerheitsstillelse

Entreprenør stiller sikkerheit iht. NS 8407 pkt. 7.2

Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

Utbetalingar vil ikkje bli gjort før dokumentasjon på sikkerheitsstilling ligg føre.

B.2.6 Prosjektering, rådgiving mv. (tillegg til NS 8407 kap.16)

Det er entreprenøren sitt ansvar at nødvendige godkjenningar for ansvarsrett etter plan og bygningsloven føreligger. Manglande ansvarsrett betraktast som eit vesentleg kontraktsbrot, og dette vil gi byggherren rett til å heve kontrakten, og gjere erstatningskrav

gjeldande, jf. reglane i NS 8407 pkt. 46. Entreprenøren har krav på ein rimeleg frist for å rette forholdet, før heving kan finne sted.

B.2.7 Manglar

Arbeida er å sjå på som kontaktstridig også om feilen eller mangelen er av utsjåande- messig art. Framgangsmåten for utbetringsarbeida skal ein fastlegge i samråd med byggherren.

B.2.8 Mengdekontroll

Entreprenøren skal utføre mengdekontroll før kontraktsignering.

B.2.9 Offentlege avgifter og gebyr

Løpande driftsutgifter, som for eksempel vatn- og avløpsgebyr, renovasjon, lokale avgifter osv., som er knytt til entreprenøren sin produksjon, vert betalt av entreprenøren.

B.2.10Fordringsoverdraging

Opparbeida krav på godtgjersle kan verken overdragast eller pantsettast utan byggherren si skriftlege godkjenning. Entreprenør som overdrar krav på godtgjering i samsvar med ei slik godkjenning, står då også ansvarleg ovanfor byggherren og kontrakten.

B.2.11 Dagmulkt ved forseinking

Innrømming av fristforlenging for ein av kontrakten sine delfrister gir ikkje rett til regulering av etterfølgande fristar.

Forseinking på over 100 dagar skal reknast som eit vesentleg misleghald, noko som gir byggherren rett, men ikkje plikt, til å heve kontrakten.

Dersom byggherren vert påført større utgifter enn dagmulkt for gjeldande periode, har byggherren rett til i erstatning i staden for dagmulkt.

B.2.12 Byggherren sin eigedomsrett

Alt materiell som er levert byggeplass er å sjå på som byggherren sin eigedom.

B.2.13 Løns- og arbeidsvilkår

Totalentreprenøren skal sørgje for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos kontraktsmedhjelperar som direkte medverkar til oppfylling av kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med denne bestemmelsen.

På område dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale skal lønns- og arbeidsvilkåra vera i samsvar med gjeldande forskrifter. På områder som ikkje er dekka av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkår vera i henhald til gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Med lønns- og arbeidsvilkår meinast i denne samanheng bestemmelsar om

a) Arbeidstid
b) lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg
c) dekning av utgifter til reis, kost og losji i den grad slike bestemmelsar følger av tariffavtalen.

Totalentreprenøren plikter på førespurnad å dokumentere løns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle kontraktsmedhjelparar (også innleigde). Opplysningane skal dokumenterast

ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønsslipp, timelister og arbeidsgjevars bankutskrift. Dokumentasjonen skal vera på personnivå og det skal synleggjerast kven den gjeld.

Dokumentasjonen kan inkludere komplett liste med namn på eigne og eventuelle tilsette til kontraktsmedhjelparar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, oversikt over allmenngjorde og/eller landsomfattande tariffavtalar som leggjast til grunn for den aktuelle bransjen og innsyn i totalentreprenøren sine avtalte løns- og arbeidsvilkår med eventuelle kontraktsmedhjelparar.

På førespurnad frå oppdragsgjevar er totalentreprenør plikta til å fylle ut eigenrapporteringsskjema. Eigenrapporteringa skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter kontrakten er signert, med mindre anna er avtalt. Eigenrapportering kan krevjast fleire gonger i løpet av kontraktsperioden.

Byggherre har rett til innsyn i dokumenter og rett til å foreta andre undersøkingar som gjer det mogleg for byggherren å gjennomføre naudsynt kontroll med at kravet til lønns- og arbeidsvilkår overhaldast. Totalentreprenøren pliktar å ha tilsvarande kontraktsbestemmelsar i sine kontraktar med kontraktsmedhjelparar og skal gjennomføre naudsynt kontroll hos sine kontraktsmedhjelparar for å påsjå at plikta overhaldast. Aktuell dokumentasjon å innhente kan vera: kopi av arbeidsavtalar, lønnsslippar (kontoutskrifter for å sjå at lønnen faktisk er overført til arbeidstakarar), timeregistreringar og avtalar om kost og losji.

Oppdragsgjevar og eventuell ekstern kontrollør som mottek opplysningane, har teieplikt om opplysningane. Teieplikta gjeld ikkje overfor Arbeidstilsynet eller Petroleumstilsynet, heller ikkje overfor tilsette eller interne eller eksterne rådgjevarar som er naudsynte for å få språkleg, økonomisk, juridisk eller anna fagleg hjelp. Teieplikta gjeld også for rådgjevarane.

Dersom totalentreprenør eller kontraktsmedhjelparar får pålegg frå Arbeidstilsynet som gjeld løns- og/eller arbeidsvilkår, skal totalentreprenøren utan opphald informere oppdragsgjevar ved kopi av pålegget. Om totalentreprenøren eller kontraktsmedhjelparar ikkje utbetrar tilhøva i pålegget innan fristane sette av Arbeidstilsynet, vil dette bli rekna som misleghald av kontrakten.

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal totalentreprenøren rette tilhøvet innan den fristen oppdragsgjevaren fastset. Der totalentreprenøren sjølv oppdagar slikt brot gjennom internkontroll eller eiga oppfølging av kontraktsmedhjelparar, skal totalentreprenøren utan opphald opplyse oppdragsgjevar om forholda og utbetre forholda innan frist fastsett av oppdragsgjevar.

Oppdragsgjevar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande ca. to gongar innsparinga for totalentreprenøren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Vesentleg misleghald av løns- og arbeidsvilkår hos totalentreprenøren kan visast til av oppdragsgjevar som grunnlag for heving, sjølv om totalentreprenøren rettar tilhøva. Om brotet har skjedd i kontraktsmedhjelparar-leddet (under dette bemanningsselskap), kan oppdragsgjevar krevje at totalentreprenøren skiftar ut kontraktsmedhjelparar. Dette skal skje utan kostnader for oppdragsgjevar.

Alle avtalar totalentreprenøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande vilkår.

Dersom totalentreprenøren motsett seg utlevering av dokumentasjon eller det avdekkast brot på klausulen om lønns- og arbeidsvilkår, har byggherren rett til å halde tilbake vederlaget etter kontrakten, inntil forholda er ordna i samsvar med forskriftas krav. Ved brot på klausulen, som ikkje rettast på tross av varsel frå byggherren, kan byggherren heve kontrakten. Leiar av totalentreprenørens verksemd er ansvarleg for at denne kontraktsbestemmelsen vert etterlevd.

B.2.14 Bruk av kontraktsmedhjelparar og innleigd arbeidskraft

Totalentreprenøren kan ikkje, utan byggherrens skriftlege samtykke, ha fleire enn to ledd kontraktsmedhjelparar i kjede under seg. Vesentleg misleghald som ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherren, kan gi grunnlag for heving av kontrakten.

Totalentreprenørens bruk av enkeltpersonføretak skal grunngjevast skriftleg. Bruk av bemanningsselskap skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljøloven, mellom anna kravet om likebehandling i § 14-12a. Byggherren kan berre nekte bruk der han har sakleg grunn.

Totalentreprenøren skal saman med sitt tilbod legge ved ei liste der det er oppført kva kontraktsmedhjelparar han vil nytte i prosjektet.

Dersom det seinare oppstår behov for å endra samansetninga av kontraktsmedhjelparar, skal dette grunngjevast og dokumenterast. Det vert forutsett i så fall at eventuelt nye kontraktsmedhjelparar har minst like god økonomi, finansiell soliditet, kapasitet og teknisk kompetanse som dei tidlegare kontraktsmedhjelparar.

Ved brot på denne bestemmelsen vil byggherren ilegge ei bot på 10 % av kontraktsverdien av det eller dei oppdrag som utførast i fleire ledd enn det som er tillat, men ikkje mindre enn NOK 25 000 per tilfelle. Dersom forhold ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherren vil byggherren ha rett til å heve kontrakten.

B.2.15 Byggherrens rett til å føre kontroll (NS 8407 pkt 20.2)

Byggherren, eller den som har fullmakt av byggherren, skal ha rett til innsyn i entreprenørens kvalitets-, internkontroll (HMS) og miljøstyringssystem og dei delar av styringssystemet for øvrig inkl. rekneskap, som kan ha betydning for entreprenørens oppfylling av kontrakten. Innsynsretten omfattar revisjon ved intervju, inspeksjon, kontroll og dokumentgjennomgang. Entreprenøren skal vederlagsfritt yte rimelig assistanse ved slikt innsyn. Innsynsretten er avgrensa til tre år etter at siste betaling har funnet sted.
Entreprenøren skal sikre at byggherren har tilsvarande innsynsrett hos entreprenørens direkte og indirekte kontraktsmedhjelpere, med mindre leveransen har ein klart underordna betydning for entreprenørens evne til å oppfylle sine forpliktingar ovanfor byggherren.

B.2.16 Plikt til å bruke lærlingar (tillegg)

Det er et krav at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet. Kravet kan oppfyllast av entreprenøren eller ein eller fleire av hans underentreprenørar.

Arbeidstimane utført av ein eller fleire lærlingar, jf. opplæringslova § 4-1, skal utgjere minimum 5 % av arbeidande timar i utførande fag (dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, elektrofag, samt anleggsgartnarfaget) på prosjektet rekna fram til overtaking. Som lærling reknast også lærekandidat, praksisbrevkandidat og kandidat til fagbrev på jobb.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingkravet ved å bruke lærlingar som er tilknytt offentleg godkjent lærlingordning i Norge eller tilsvarande ordning i opprinnelseslandet. Dersom opprinnelseslandet ikkje har ei lærlingordning, kan kravet oppfyllast ved å bruke praksiselev frå ei opplæringsordning i opprinnelseslandet.

Dersom ikkje annet er avtalt, skal entreprenøren før oppstart på byggeplass levere ein bemanningsplan der det synleggjerast kvar og når han planlegg å bruke lærlingar, samt namn og kontaktinformasjon til denne/disse. Entreprenøren skal videre rapportere månadleg til byggherre om lærlingtimar. Byggherren skal varslast om eventuelle avvik frå planen eller frå kravet om andel lærlingar. Timelister skal framleggast på førespurnad.

Dersom arbeida ikkje er eigna for bruk av lærlingar ut frå arbeidets art og helse, miljø og sikkerheit, kan byggherren tillate at prosentkravet ovanfor fråvikast. Entreprenøren anses dessutan å ha oppfylt krav om bruk av lærling dersom eit av unntaka i forskrift om plikt til bruk av lærling i offentlege kontraktar av 17.12.2016 § 9 kommer til anvendelse.

Byggherren kan holde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom ovannemnte plikter vert misleghaldt, eller det er grunn til å tru at slikt misleghaldvil inntreffe, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå byggherren. Dersom kravet om 5 % lærlingar ikkje er nådd ved overtaking, ileggast ein bot på inntil 5 promille av kontraktssummen.

Endeleg størrelse bestemmast av byggherren etter vurdering der det bl.a. ses hen til kor stort avviket frå kravet om 5 % lærlingstimar er og årsaka til at kravet ikkje er overhaldt. Bota kan krevjast i tillegg til eventuell dagmulkt for og anna erstatning etter kontrakten.

C. ADMINISTRATIVE BESTEMMINGAR / FORRETNINGSRUTINAR FOR BYGGEFASEN

C.1 Korrespondanse

All korrespondanse skal vera merka med prosjektet sitt namn og kva sak korrespondansen omhandlar.
Dersom brevet omhandlar fleire saker, skal dette klart kommer til syne av overskrifta.
All korrespondanse skal skje via byggherren sin representant.
Prosjektansvarleg/byggherrerepresentant skal informerast om alle tilhøve som har med byggeplassen å gjera.

C.2 Fakturering

Faktura skal merkast med prosjektnr. P-1120.
Fakturering skal uførast ein gong pr. mnd. Fakturaer skal stilast til byggherre og sendast til byggherren sin representant for kontroll og attestasjon. Notaer skal nummererast fortløpande i to avskilte seriar: Ein serie for avdrag og kontrakt og en serie for endrings- og tilleggsarbeid.

Faktura for endrings-tilleggsarbeid skal påførast bestillingsdato og bestillingsnummer eller rekvisisjonsnummer. Kopi av rekvisisjon / tilleggsbestilling med eventuelle billag skal vedleggas fakturaen. Dersom det er utført rekningsarbeid skal originale attesterte timelister samt dokumentasjon av netto sjølvkost vedrørande materialar og utstyr vedleggas.

Fakturaer for endrings- og tilleggsarbeid skal nummererast fortløpande T1, T2 osv.
Fakturaer og billag som ikkje er i samsvar med forretningsrutinar eller gjeldande kontraktsvilkår, vil bli returnert entreprenør. Betalingsfrist vil vera 30 dagar frå ny og korrekt faktura er mottatt. Eventuelle rentekrav som følgje av forsinka betaling pga. ovannemnte, vil ikkje bli akseptert.
Totalentreprenør kan ikkje krevje oppgjer for meir enn dei verdiar som til ei kvar tid er tilført/utført på byggeplass.

Entreprenør skal fakturere etter utførte mengder. Entreprenør har ansvar for at han ved fakturering er ajour med faktisk utført arbeid. Byggherren bruker entreprenøren sin fakturering som grunnlag for rapportering av utført arbeid basert på økonomi og framdrift. Større delar av utført arbeid skal difor ikkje etterfakturerast, til dømes i eit sluttoppgjer. Entreprenøren si fakturering skal vera opp mot 100 % ajour med faktisk utført arbeid.

Faktura for kontraktsarbeid skal innehalde følgande opplysningar:

- Kontraktsum
- Beløp på gjeldande faktura
- Sum tidlegare fakturert
- Sum resterande beløp innanfor kontrakt
- Meirverdiavgift

Generelt om fakturering til Kvinnherad kommune:
https://www.kvinnherad.kommune.no/tenester/okonomi---faktura-skatt-lan-og-gebyr/faktura/faktura-til-kommunen

		Anbodsfase		Tidlegare periode			I denne perioden			Produsert hittil (til og med periode)		
Post	**Oppgåve**	**Prosjektert mengde**	**Enhets-pris**	**Utført**	**Utført mengde**	**Salspris eks.mva**	**Utført**	**Utført mengde**	**Salspris eks.mva**	**Utført**	**Utført mengde**	**Salspris eks.mva**
1.1.11	Graving	1000	100,-	10 %	100	10 000,-	20 %	200	20 000,-	30 %	300	30 000,-

C.3 Møte

Møteinnkallingar distribuerast digitalt. Entreprenørar skal stilla på møte iht. innkalling. Eventuelle kommentarar til referatet må kome fram seinast til neste møte.

Byggemøter, framdriftsmøter, synfaringar, samordningsmøter og andre produksjonsmøter avhaldas på byggeplassen. Byggherre er referent frå møta.

Det skal førast møtereferat frå alle møte. Den som kallar inn har ansvar for at møtereferat vert utarbeida og distribuert via webhotell.

C.4 Administrasjon av byggeplass/instruksar

Entreprenøren skal til ein kvar tid ha tilgjengeleg ansvarleg administrator på byggeplassen. Denne skal namngjevast ved kontraktsinngåing, og eventuelle endringar skal godkjennast av byggherren.
Entreprenøren sin ansvarlege representant har møteplikt ved alle ordinære og ekstraordinære møte.
Entreprenøren plikter å etterkomme pålegg frå byggherren sin prosjektansvarlege/byggherrens representant innan rimelege fristar fastsett av han.

C.5 Drifts- og vedlikehaldsdokumentasjon

Før arbeidet/leveransen kan sjåast som ferdigstilt, skal det leverast teknisk dokumentasjon, bruksinstrukser, forslag til vedlikehaldsintervall og serviceavtaler etc.
Slik informasjon skal leverast til byggeleiar og godkjennast før sluttoppgjer kan finna stad og innestående beløp blir frigitt.

FDV skal leverast etter Kvinnherad kommune sine malar. Sjå vedlegg 5 og Famac.
Det skal tas bilete av installasjonar før det klest igjen.
FDV dokumentasjon som minstekrav. Er ytterlegare skildra i beskrivande tekstar skal dette i tillegg leverast.

C.6 Rapportering

Entreprenørens prosjektleiar skal kvar månad senda statusrapport til byggherre over utførte arbeid og ferdigstillingsgrad i prosjektet.

C.7 Kontakt med media

All kontakt med media som vedkjem kontrakten/prosjektet skal handterast av byggherren med mindre anna er særskilt avtalt.

C.8 Teikningshandtering

Entreprenør har ansvar for at utgåtte teikningar ikkje sirkulerer på byggeplass.
Entreprenøren ber sjølv kostnader med utskrift av teikningar.

D. RIGG, DRIFT OG AVVIKLING AV BYGGPLASS

D.1 Generelt

Under dette kapittel er det medtatt opplysningar som skal danne grunnlag for kalkulering av kostnader til rigg og drift for prosjektet.

Det presiserast at det er entreprenørens ansvar å skaffe eigna område for rigg- og lagerplass samt inngå nødvendige avtaler med grunneigar og dekke evt. kostnader med dette.

Kostnader vedkommande yting for rigg, drift og nedrigging tas med i totalentreprise og prises i postane under rigg- og driftskapittelet som ligg i konkurransegrunnlaget.

Rigg, drift og nedrigging for eigne arbeider som er naudsynte for å kunne gjennomføre eit komplett kontraktarbeid, er entreprenør sitt ansvar å ta med, sjølv om det ikkje er spesielt nemnt under dette avsnitt.

Entreprenøren må innrette sin rigg og drift i samsvar med offentlege krav og påbod.

Så fremt ikkje anna er nemnt skal beskrivne ytingar utførast i heile byggetida eller så lenge det er behov, og etter nærmare avtale med byggherren.

Entreprenørane plikter å gjere seg kjent med forholda på byggeplassen og også andre forhold som kan tenkast å ha betyding for utføringa av hans arbeider eller kan medføre ansvar.

D.2 Administrasjon

Entreprenøren skal utpeike en prosjektleiar som skal være byggherrens kontaktperson. Alle førespurnader til byggherren skal gå gjennom prosjektleiar.

Byggherren skal ha rett til, etter skriftleg meddeling, å krevje at entreprenøren fjernar dei av hans mannskap som etter byggherrens meining opptrer klanderverdig eller ikkje har tilfredsstillande kompetanse.

Entreprenøren skal utarbeide organisasjonsplan kor det går fram kven entreprenøren utpeiker som prosjektleiar, prosjekteringsleiar og anleggs/-produksjonsleder.

Vidare skal entreprenøren utarbeide detaljert framdriftsplan for arbeida innan 3 veker etter bestilling av oppdraget.

Administrative rutinar:

- Byggemøter skal holdast kvar 14. dag, byggherren skal vera representert.
- Vernerundar utførast kvar 14.dag.
- Rapporteringsrutinar: Avvik skal rapporterast fortløpande.

D.3 Vernetiltak

Alle entreprenørar plikter kvar for seg å ha sin verneteneste organisert i overensstemmelse med "Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. («Arbeidsmiljøloven») av 17. juni 2005, med seinare ajourføringer".

Utan at det blir gitt egne pålegg, må entreprenørane sørge for at generelle verne- og sikkerheitsregler for personvern, reduksjon av brannfare med meir blir følgt.

I samsvar med "Arbeidsmiljølovens" § 2-2, vedrørande fleire arbeidsgivarar på same arbeidsplass, skal det utpeikast ein hovudbedrift som skal stå for samordninga av dei enkeltes verne- og miljøarbeid.

Totalentreprenøren skal vera hovudbedrift.

Hovudbedrift er ansvarleg for utarbeiding av instruks om varsling og kva tiltak som øyeblikkelig skal settast i verk ved ulykker, brann etc. Denne instruks skal saman med de viktigaste nummer for nødtelefon vera oppslått på felles oppslagstavle.

Hovudbedrifta har vidare ansvar for å sjå til at forskriftenes krav med tanke på utfylling av meldingsskjema i forbindelse med eventuell personskade følges.

Hovudhensikta er at firmaa skal samordne sine verne- og sikringstiltak og at ansvaret for samordninga er lagt på hovudbedrift. Hovudbedrift skal koordinere dette arbeidet. Alle entreprenørar på byggeplassen skal som sjølvstendig arbeidsgivar drive eige verne- og sikringsarbeid og er i tillegg pliktig til å delta i de tiltak som hovudbedrift organiserer.

SHA-koordinator i gjennomføringsfasen i samsvar med «Byggherreforskriften» blir engasjert direkte av byggherre.

Under denne post inngår også kostnader til å følge prosjektets SHA-plan. Jf. Byggherrens vedlagte SHA-plan.

D.4 Rigging av byggeplass

Entreprenøren må sjølv innhente naudsynte løyver for midlertidig etablering av rigg.

D.5 Forlegning kontorbrakker og lager.

Det blir ikkje anledning til innkvartering av arbeidstakarar på byggeplassen.

Entreprenørane plikter å ha tilfredsstillande innkvartering som minst oppfyller reglene fastsett i arbeidsmiljøloven med tilhøyrande forskrifter.

Det skal tas med tilstrekkeleg brakkekapasitet slik at offentlege krav til arbeidsmiljø og overeinskomstar er oppfylt. Totalentreprenøren må sørge for at kvinnelege arbeidstakaren har tilfredsstillande garderobeforhold.

Forutan nødvendige lomp- og spisebrakker skal totalentreprenøren etablere kontorbrakke for eiga entreprise og møterom med plass til min. 6 personar.

Heile riggen skal vera tilkopla lovleg vasstilførsel og avløp, samt ha naudsynt straumforsyning, belysning og tilstrekkeleg oppvarming.

Totalentreprenøren skal holda riggen i hele byggetida, og drifte denne samsvar med gjeldande regelverk.

Totalentreprenøren må sjølv halde lager.

D.6 Byggestraum og datalinjer.

Byggherre stiller straum til disposisjon i den grad det lar seg gjere med eksisterande kursar ved skulen. Ved behov for utbetringar eller midlertidig byggestraum skal entreprenøren ta kostanden ved dette, både etablering og løypande kostnader samt tilbakeføring av eventuelle endringar.

D.7 Drift av byggeplass

Arbeidstid på byggeplassen er i tidsrommet kl. 07:00-19:00 på kvardagar. Arbeider som eventuelt ønskes utført utanfor dette tidsrommet, skal avtales spesielt med byggherren i kvart enkelt tilfelle.

D.8 Inngjerding av byggeplass/tomt.

Totalentreprenøren skal ved start av arbeidet sitt etablere byggeplassgjerde for gjennomføring av alt arbeid i samsvar med gjeldande regelverk. Alle inngjerding skal vera i tråd med prosedyre til SHA planen, sjå også eigen prosedyre om sikring av bygge og anleggsplass.

D.9 Oversiktslister/adgangskontroll

Følgjande ytelser skal tas med i drift av byggeplass:

- Gjennomføre HMS arbeider og tilfredsstille entreprenørens krav ihht byggherreforskriften, sjå Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar, som: vurdering risiko, SHA planlegging, forebyggande tiltak, førehandsmelding, elektroniske lister, internkontroll og koordinering.
- IT-base som leverast av Infotech AS som kommunen opprettar skal brukast som webhotell i heile prosjektet. Byggherre har positiv erfaring med å nytta Infotech sin byggekortlesar då denne kan leggast til i IT-Base/webhotell som byggherre nyttar som dokument og kvalitetssikringssystem i dette prosjektet. Alle kostnader omkring elektronisk mannskapsliste ligg på entreprenør. Byggherrens SHA plan og forhald skildra i 0 bok og Forskrift om sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar skal følgjast og reknast inn i priser i drift kapittel. (Minner om krav til elektroniske mannskapslister iht §15) https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-08-03-1028
- Byggeplassen skal ha minimum 2 sett verneutstyr for besøkande.

D.10 Informasjon til omgivnadane.

Entreprenør skal delta saman med byggherre og Kvinnherad kommune i dei informasjonsaktiviteter som naturlig følger av prosjektet.

Kontakt med media, sjå punkt C.7.

D.11 Fysiske tiltak for HMS

Førstehjelpsutstyr
kvar enkelt entreprenør er ansvarleg for at naudsynt førstehjelpsutstyr er tilgjengeleg.
Hovudbedrift/bygningsentreprenør skal i tillegg ha:

- sjukebåre med ullteppe
- førstehjelpsskrin sentralt plassert på byggeplassen.

Brannsløkkingsutstyr
kvar enkelt entreprenør er ansvarleg for at naudsynt brannsløkkingsutstyr er tilgjengeleg for utføring av eigne arbeider - spesielt nemnast til dømes sveisearbeid og anna varmtarbeid.

Hovudbedrift er ansvarleg for at forsikringsselskapa og myndigheita sine krav med tanke på brannsikring og vernetiltak på byggeplassen blir overhaldt.

Hjelm / vernesko / Synlegheitsklede
Det er påbod om å nytta hjelm, vernesko og synlegheitsklede på anleggsområdet.

D.12 Reinhald

Entreprenøren er ansvarleg for at byggeområdet til ei kvar tid er ryddig og har naudsynt sikring.
Ved overlevering skal byggeplassen og objektet vera rydda og reingjort. Ingen testkjøring skal foretas før installasjonene og bygget er helt rengjort. Det visast til RTB-handboka frå
Rådgjevars ingeniørars foreining RIF; 6606-S Rent tørt bygg, forebyggande helsevern i bygningar.

D.13 Støy i bygge- og anleggsfasen

Kap. 4 i Miljøverndepartementets "Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2012) gir grenser for støy frå bygge- og anleggsverksemd.

https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/stoy/for-myndigheter/veileder-om-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/

Støygrensene for dag og kveld skjerpes når anleggsperiodens lengde overstige 6 veker.

Det grunnleggande prinsipp er å sikre minst mogleg lydavstråling frå maskiner og arbeidsoperasjonar. Maskiner og utstyr til utandørs bruk skal vera merka med lydeffektnivå i samsvar med Maskinforskriften (For 1994-08-19 nr. 820: Forskrift om maskiner).

Støygrenser ved større arbeider er oppgitt i ekvivalent lydnivå i dB, innfallande lydtrykknivå, i tabell 4 og 5 i Miljøverndepartementets retningslinjer, nemnt ovanfor.

Hovudpunkt i retningslinjene for BA-støy er:

- Det bør utarbeidast ein støyprognose for anleggsdrifta. Denne bør vera tilgjengeleg for innsyn også for naboar til anlegget.
- All støyande anleggsverksemd skal varslast. Omfanget av varsling er avhengig av anleggets størrelse.
- Det er gitt anbefalte støygrenser for dag, kveld og natt. Grensene har varigheitskorreksjon – som betyr at langvarige anlegg får strengare grenser enn kortvarige aktivitetar.
- Ved overskridingar av grenser må det gjennomførast avbøtande tiltak.
- For mindre arbeider som oppfyller bestemte kriterier er varsling godt nok som tiltak.

D.14 Avfallsplan og avfallshandtering.

Formålet med bestemmelsen er å fremme ein miljømessig og samfunnsøkonomisk forsvarleg handsaming av avfall frå bygg- og anleggsverksemd, samt førebyggande ulovleg disponering av slikt avfall.

Reglane skal bidra til å hindre spreiing av miljøskadelege stoffar, redusere mengda av byggavfall som oppstår og auke graden av ombruk og materialgjenvinning.

Ansvar for utarbeiding av avfallsplan i dette prosjektet ligg på hovudentreprenøren.
Planen skal utarbeidast i tråd med kommunale og statlege regler for avfallshandsaming.

Forventa mengder og type byggavfall som vil oppstå ved gjennomføring av tiltaket skal angis. Det skal beskrivast korleis avfallet vil bli handsama og disponert, bl.a. miljøsanering av helse- og miljøfarlege stoffar. Avfall som planleggast levert direkte til ombruk eller gjenvinning skal også føres opp i avfallsplanen.

Det skal nyttas gjenvinningsordningar, returavtaler og eller produsentavtaler for kapp, spill og material av avfall der dette er mogleg.

Samlege konteinarar på bygge- og anleggsområdet skal vera merka med skrift og symbol, kva type avfallsfraksjon som tilhøyrar kva container. Helse- og miljøfarleg avfall skal lagrast i låst og forsvarleg container berekna på dette.

Avfallsplan skal gjennomgåast av totalentreprise med alle kontraktsmedhjelparar på oppstartmøte.

D.15 Brukaropplæring

Entreprenøren og hans underleverandørar skal foreta opplæring av byggherrens driftspersonell og gjennomgang av FDV-dokumentasjon og driftsrutinar for alle leverte anlegg med tilhøyrande utstyr.

E. EIGENERKLÆRING ETISKE KRAV.

E.1 Lønns- og arbeidsvilkår.

I samsvar med regelverket i forskrift av 2008−02−08 nr 112 om lønns− og arbeidsvilkår og forskrift om offentlege innkjøp.

Tilbydaren skal sørge for at tilsette hos tilbydaren og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, har følgande lønns− og arbeidsvilkår:

- På områder dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale lønns− og arbeidsvilkår; i samsvar med gjeldande forskrifter.
- På områder som ikkje er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, lønns− og arbeidsvilkår; i hen hold til gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Dette gjelder også for arbeid som skal utførast i utlandet.
Tilbydaren er kjent med at oppdragsgivar kan krevje at tilbydaren og eventuelle underleverandørar på førespurnad må dokumentere lønns− og arbeidsvilkåra til tilsette som medverkar til å oppfylle kontrakten.

Tilbydaren er kjent med at oppdragsgivar har reservert seg retten til å gjennomføre nødvendige sanksjoner, dersom tilbydaren eller eventuelle underleverandørar ikkje etterlever kontrakts klausulen om lønns− og arbeidsvilkår.
Tilbyder bekreftar med dette at ein ikkje kjenner til at verksemda har gjort alvorlege brot på etiske krav i bransjen de siste tre år. Dette inkluderer, men er ikkje avgrensa til, brot på regler om arbeidsmiljø, forureiningslov og straffelov. Vidare stadfestar tilbydaren at han ikkje har vært involvert i noko form for forsøk på bestikking, korrupsjon, tilbod om utilbørlege fordeler til tenestemenn, bedrageri eller kvitvasking av pengar.
Tilbyder kjenner heller ikkje til at nokon av eins tilsette har gjort alvorlege brot på etiske krav i bransjen som nemnt ovanfor.

Tilbyder stadfestar vidare at en ikkje er kjent med at nokon av underleverandørane, som skal utføre ein vesentleg del av arbeidet i til denne kontrakten, har gjort slike alvorlege brot på etiske krav i bransjen som nemnt ovanfor.

Tilbyder er kjent med at uriktig erklæring om kjennskap til slike forhold kan gi grunnlag for avvising av tilbodet, og etter tilhøva vil dette og vera straffbart.

Underteikna tilbyder erklærer med dette at nemnte forplikting vil bli overheldt.

Dato:..... Sign. Tilbydars

representant:.....

Firma namn:

Organisasjonsnr/Fødselsnr: